



## DET KONGELIGE BARNE-, LIKESTILLINGS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Ulstein kommune  
Att. Anja Bævre  
Pb. 143  
6067 ULSTEINVIK

Deres ref

Vår ref

14/1785

Dato

23.06.2014

### Permisjonsrettar fosterforeldre

Vi viser til din e-post til departementet 7. mai om permisjonsreglar for fosterforeldre. Vi beklagar at det har tatt noko lengre tid enn forventa å behandle din førespurnad.

Fosterforeldre sin rett til permisjon ved omsorg for fosterbarn *under 15 år* følgjer av arbeidsmiljølova (aml.) § 12-5 fjerde ledd. Departementet si forståing av aml. § 12-5 er avklart med Arbeids- og sosialdepartementet som har ansvaret for lova.

### To fosterforeldre

Det følgjer av aml. § 12-5 første ledd at foreldre har rett til permisjon i til saman 12 månader. Slik permisjon kan delast mellom foreldra. Det følgjer vidare av aml. § 12-5 andre ledd at kvar forelder i tillegg til permisjon som nemnt i første ledd, har rett til permisjon i inntil tolv månader for kvar fødsel. Ein fosterforelder som er gift eller sambuar har såleis rett til inntil to års permisjon, jf. aml. § 12-5 første og andre ledd.

### Einsleg fosterforelder

Ein fosterforelder som er åleine om omsorga for eit fosterbarn har rett til inntil to års permisjon etter aml. § 12-5 andre ledd, jf. aml. § 12-5 tredje ledd siste punktum. Dette inneber at ein fosterforelder som er åleine om omsorga for barnet har rett til 12 månader permisjon etter første ledd, samt inntil to år etter andre ledd. Totalt vil ein fosterforelder som er åleine om omsorga for eit fosterbarn har såleis rett til inntil tre års permisjon.

Dersom ein fosterforelder er tilsett i statleg sektor og skal ha permisjon frå sitt arbeid, gjeld i tillegg reglane i hovudtariffavtala.

Vi beklagar at det ligg motstridande informasjon om dette på departementet si heimeside. Vi

vil oppdatere vedlegget til fosterheimsavtala om fosterforeldre si arbeidsrettslige stilling og sosiale rettar på våre nettsider.

Med helsing

Linn Fossen Kielland (e.f.)  
rådgivar

Bethina Jørgensen  
rådgivar

*Dokumentet er godkjent elektronisk, og har derfor ikke håndskriven signatur.*

Kopi: Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet